



Mange av uskedelingane ssamla i Aktivitetshuset - i 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein statistikk frå Statistisk Sentralbyrå, attgjeve i Grenda laurdag, fortel at folketalet i Uskedalen ved årsskiftet var 1017. Det er 10 færre enn eitt år tidlegare.

På den andre sida har folketalet i bygda auka dei fleste åra sidan årtusenskiftet, om enn ikkje så mykje. I 2000 var det såleis 972, i 2002 989, i 2004 980, i 2006 1.000, i 2007 1014, i 2008 1037 og i 2009 1017.

Ser vi folketalet i Uskedalen i eit lenger tidsperspektiv, har det vore ei svært positiv utvikling. I 1960 var det 'berre' 780 uskedelingar medan talet i 1970 hadde auka til 923.

Så gjekk det stort sett vidare oppover. I 1984 var det heilt oppe i 1027 og i 1996 1.019 for så å falla ned til 985 på dei neste to åra. Men i 2006 krabba det altså over 1.000-talet att og har halde seg der dei siste åra.

Ser vi på Bringedalsbygda viser også dei ein nedgang det siste året - frå 582 til 573.

Omvikdalen har derimot hatt ein oppgang frå 698 til 703. Med andre ord er det altså stor stabilitet i dei tre skulekrinsane sett under eitt.

Den samme statistikken viser at det ved årsskiftet budde 13.106 i Kvinnherad - 63 fleire enn eitt år tidlegare.

Av Ola Matti Mathisen